Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Oppskr. av: Peder Pedersen.

(adresse): Høylandet i Namdal.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Herad: Høylandet

Bygdelag: Høylandet

Gard: Brøndbo

G.nr. 87. Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til sp. 1. Fremme hovi kjendi folk uttrykkes „ja" med å „nikka" på hovudet og „nei" med å rysle på hovudet

" " 2. Det høyrer med til god folkeskikk her i bygda å helsa på folk ein møter anten ein kjenner dei eller ikkje. Slik har det vori frå gammal tid, og denne skikken har folk halde med lag.

" " 3. Eg veit ikkje om ein kan seie at det har vori nokon fast regel kven som skal helsa fyrst. Men eg trur nok det har vori vanleg at det høyrer med til somme leg skikk at den som var yngst helsa fyrst

" " 4. Kva ein sa når ein helsa på folk ein møtte retta seg vel helst etter på kva tid på dagen ein helsa på folk ein møtte. Det kunde helsinnes vera anten: „goddag", „godkveld" o.s.fr. Sjå elles under sp. 13. Var det kjenningar ein råka, som ein sjeldan møtte, var det nok vanleg at ein stana opp og handhelsa. Nokon skildnad på korleis menn, kvinnor og born bar seg åt under helsinga, veit eg ikkje om.

7460

Til Sp. 5. Når ein mötte ein eller annan embets-
mann ein kjende, t.d. prest, lækjar, lens-
mann, skrivar, - var det nok vanleg
at folk flest helsa på slike med å taka
av seg hovedplagget - dei hadde på seg.
For bygdefolket seg imellom var det
ikkji ulike måtar å helsa på.

" " 6 Eg veit ikkji om at folk her hav helsa
på den måten at dei heldt hatten med
begge hendene eller hadde heiva under
eine armen under helsinga.

" " 7. Nei ingen skilnad.

" " 8. Det hav frå gamal tid vori vanleg å hand-
helsa på alle lemmene i dei heimane - der ein
er bedne i eit eller anna lag t.d. i gjesta
eller eit anna privatgjestebodslag. Ved
andre större samkomor i heimen, t.d.
ved gravöl, brudlaup, konfirmasjon
barnedåp og liknande skulde ein ikkji berre
helsa i handa på vertsfolket, men på alle
gjestane - som var mött fram fyrr ein sjölv.
Og då var det om å gjera at ein såg seg
vel före - at ein helsa på dei nærmaste skyld-
folket før ein helsa på dei andre i laget

" " 9. Det kunde nok hende at ein klappa ein
og annan på oksla for å syne tekn på venskap
og at ein stod på rikkig god fot - med den
ein klappa. Men nokon vanleg skikk hav
det ikkji vori.

" " 10. Nei ikkji det eg veit.

" " 11. Om ein var ute og gjekk eller köyrde og so
mötte ei likferd köyrde det med til god
skikk å bli ståande med hovedplagget i
handa medan likferda drog forbi: Og dei

7460
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som kögrde skulde stanse hesten og helse likferda
med å halde hatten ellevheiva i högre handa.
Dersom ein mötte eit brurefylgje på vegen
skulde ein helsa bruidparet med å take av
seg hatt ellevheiva.

Til sp. 12. Til dette spörsmål må eg svara: nei.

" " 13. Det er ikkje sogreit hevå tidfeste eit visst
klokkeslett, når ein nytta dei ymse måtar
å helsa på, men eg trur nok eg kjem san-
ninga tolegnær hvå eg delar dagen i tri
bolkar: morgon, dag og kveld, og då blei
helsinga omlag slik:
Til kl. 9 om morgonen sa ein: "Go morgo."
Frå " 9 – 18 " " "Go dag."
" 18 og resten av dagen " "Go kveld".
"Go middag" nytta ein berre i dei höve
at ein kom inn i ein heim, der dei satt
og åt middag. Men det er först i seenare tid
denne måte å helsa på er komen i bruk.
"Go natt" hav ve nytta når ein tok avskil
med nokon seint om kvelden, elles ikkje, liksom
ein for på dagen seggje far-vel (farvel)

" " " 14–16 Eg vil ikkje nett seggje at folk no for tida rek-
nar det for å vera usømeleg å helsa på den
måten at ein til kvar tid på dagen kan
helsa med å seggje: go morn." Men det högrer ikkje
med til god målbruk her i bygda å helsa
på den måten. Og når ein og annan bryt
med den gamle måten å helsa på, so er det
nok helst telefonen som er skuld i det. Dersom
ein nyttar telefonen i ei samröde med byfolk,
so slettar desse ofte samröda med eit "go morn"
om det so er seine kvelden. Og slikt smettar.
Men ein kan ikkje difor seggje at "go morn"
er vorti vanleg helsing dögret rundt.

7460
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Til Sp. 17. I gamal tid var det vanleg var det mykji godt
brukt å helsa med „Guds fred i huset", når ein
kom inn til folk. Likeeins var det vanleg å helsa
folk med „Velsigne arbeidet", velsigne kvila",
velsigne laget", velsigne moten"

" " 18 „Nei – ikkji det eg veit."

" " 19. I slike høve som nemnt i dette spørsmålet var
det jamnt at gjesten kunde helse med:
„Godag i huset" – eller: godag inne." og husbon-
den eller husmora" som tok imot gjesten
kunde svara med å segji: „Takk og velkomin
skal dei vera".

" " 20 Om ein gjest hadde noko omframt å tala
med husbonden om og som han vilde ingen
skulde høyra, var det nok vanleg å segji:
„Kan eg få eit ord med dig på tomanns
hand".

" " 21. I gamal tid brukte ikkji folk å banka
på døra når dei steig inn i ein heim.
Einast kunde vera når dei i einskilde
høve hadde erend inn til ein embets-
mann, t.d. presten, lækjaren o.s.fr. Det var
liksom ein på den måten vilde syne
vyrdnad for den ein vitja. Seinare er
denne skikken komen meire i bruk – utan
ein kan segji den er vorte vanleg her.

" " 22. Når det vart banka på døra, vart det alltid
svara på den vanlege måten: „Kom inn".

" " 23. Den som steig inn, vart nok helst ståande
att med døra til han vart beden om å setja
seg. Det vart, i allfall før i tida, rekna for å
vera uhøvisk å setja seg ubeden. Og det er
vel ikkji fritt for at ein framleis dømer soleis.

" " 24 Sosnart ein kom innom døra til folk skulde
ein taka av seg hatt eller huve. Folk – om

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7460

3dje blatt det so var born – som ikkje gjorde det vart misstenkt for ikkje å ha lært god folkeskikk

Til sp. 25. Til slike sa ein helst: „Vers go – sett ned," eller sett-einnpå."

" " 26. „Nei.

" " 27. Desse vart vanlegvis helsa på same måten som oner aktjenningar som kom til gards

" " 28 Nei. Frå min barndom veit eg noko om at ei og anna gamal kone, – heirde kjerka av din stolen ho sette fram og bad t. d. presten eller dokteren eller ein annan „Storkar" setje seg på. Men dette var no meire eit eindom tokk for einskilde heimar.

" " 29. Innbedne gjestar vart og blei helsa med: „Velkomen", eller: „velkomin ska dee vara."
Den siste måten å helsa gjesten på blei rekna for å vera meire hjartaleg enn den første.

" " 30. Ved kvardagslege vitjingar tok ein avskjel på den måten at ein sa: „Far-vel (fettl) og takk for meg." – So segje om ein hadde fått traktering av eit eller anna slag. Hadde ein ikkje det fått – vart det berre sagt: „Far-vel". Til svar fikk ein gjerne: „Far-vel og sjøl takk."

" " 31. „Når ein eller annan skulde reise bort på ei lengere ferd, – vart dei til avskjel ofte helsa på denne måten: „Dee må leva vel og lukka på reisa".
Til punkt. b i dette sp. veit eg ikkje noko å nemne.

" " 32–43 Til desse sp. har eg ikkje noko å fortelle, – da fallt her i bygda liksom er for blyge til å syne for ålmenta slike indreme ting som at dei kyssa kvarandre. Som eit dome på tanke måten her.

7460

skal eg nemne: Ein gardbondi på Høylandet fekk ein dag sjå to engelskmenn, - far og dotter som møttest etter å ha vori borte frå kvarandre nokre dagar. Faren helsa dotra si på den måten at han kysste ho på eine kinnet. Da sa bonden arg: „Skjemst dem etj: Enn å stand slik å klin so folk sjer på". Han kåka speittaren på hoveidet. Slik er tenkemåten den dag i dag millom folk - når det gjeld å leggje for dagen sine kjinslor. Da er bygdefolket mykje godt varsame.

Folgsp. 44-45 Uttrykket „Te lökk" (til lukka) blir som regel nytta ved alle festlege høve: Ein seggjer soleis: „Te lökk med jula", „Te lökk med nyåret", „Te lökk med forlovelsa", „Te lökk med daggi" (årmålsdagen) eller konfirmasjonsdagen). Derimot heiter det: „Go påskhelg", „go pinshelg". I den seinare tid" er ordet „te lökk" blitt avløyst av ordet „gratuleri" i seinne hövet. Soleis heiter det no ofte: „Eg gratuleri med daggi", „eg gratuleri med forlovelsa" o. s. fr.

„ „ 46. I gamal tid hadde dei ikkje nokon serskelt talemåte der dei synte sin medkjensle ved eit dødsfall. Det er først i den seinare tid - at dei ved slike høve plar seggje: „Eg kondolerar".

„ „ 47. På vanleg måte med å seggje: „Takk" -, eller kanskje helst ikkje å sige noko til svar.

„ „ 48. Det er ikkje brukeleg her ved gravøl - at ein takkar for seg på vegne av den som er død - korkje i huset eller ved grava. Einast kan vera at presten i sin tale ber fram ein takk frå den avlidne til dei som stod han nærast. Men i so fall gjer han det utan å vera beden om det.

7460

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4de blad
Til sp 49 – Detta kunde ein syne på den måten –, at ein ikkji svara på ei helsing, at ein vende han ryggen når ein vart tala til, eller det kunde og hende at ein klappa seg i bakendin til ein, ein ville syne vanvyrd nad og då gjerne med denne helsinga: Slyss meg i rævvå.

" " 50. „No for tida seggjer ein mest alltid „du" til alle dei ein kjenner. Embetsfolk og folk ein ikkji kjenner seggjer ein De til. I gamal tid derimot var det vanleg å tiltale folk som var noko eldre enn ein sjølo med „dokk" (dykk). Soleis høyrde det med til god skikk – at borna nytta uttrykket „dokk" – når dei tala med foreldra sine sjølo om desse ikkji var rett gamle.

" " 51. Eg veit at i min ungdom var det sume som sa han og „ho" istaden for De – når dei tala med embetsfolk –, eller folk dei ikkji kjende. No er ikkji det tilfellet lenger.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 